

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-202, TI-&00
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 06.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
093/20	Alver formannskap	15.10.2020
	Alver kommunestyre	

Endring av reglement for finans- og gjeldsforvaltning

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert oppdatert ihht vedlagte framlegg datert 06.10.2020.

Alver formannskap 15.10.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 093/20 Vedtak:

Alver kommune sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert oppdatert ihht vedlagte framlegg datert 06.10.2020.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksutgreiing:

Alver kommune sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning vart vedteke 28. november 2019.

Forskrift om om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kom 18.11.2019. Departementet publiserte 20.05.2020 Veileder til den nye garanti- og finansforskriften, sjå vedlegg til saksdokumenta.

Basert på desse forskriftsendringane med oppdaterte veiledningar bør kommunen gjere justeringar i kommunen sitt reglement. Det er likevel ikkje gjort vesentlege endringar i kriteria for risiko som kommunen kan ta i sin finans- og gjeldsforvaltning. Endringane er i hovudsak for å tilpasse til ny forskrift og tilhøyrande veileder.

Unnataket er punkt 8.5, der rådmannen gjer framlegg om å endre attverande rentebinding på samla renteberande gjeld frå å vere mellom 1 og 5 år til å vere mellom 0,5 og 3 år.

Alver kommune har rapportert brot på dette punktet i reglementet i 2020. Låneporteføljen

som kommunen hadde per 1. januar 2020 med ein stor andel PT-lån i Kommunalbanken innebar ei svært låg rentebinding på 0,36 år per 1. januar 2020.

Gjennom refinansiering av låneporteføljen til lån med lengre rentebinding har vi per 30.09.2020 auka rentebindingstiden til om lag 0,8 år. Med dagens rentenivå og prognoser framover, vil rentekostnadene til Alver kommune auke dersom vi auker rentebindingstida til meir enn 1 år. Rådmannen rår derfor til å endre krava om rentebindingstid.

Framlegget til endringar i reglementet er markert med gult.

Vedlegg i saken:

06.10.2020	Reglement for finans- og gjeldsforvaltning - 06.10.2020	1455645
06.10.2020	Forskrift_om_garantier_og_finans_og_gjeldsforvaltning 18.11.2019	1455487
06.10.2020	Lån, garantier og finansforvaltning - regjeringen.no 25.05.2020	1455488
06.10.2020	Veileder til garanti- og finansforskriften - regjeringen.no 20.05.2020	1455489
06.10.2020	veileder-til-garanti--og-finansforskriften - KMD mai 2020	1455490